

Til
Sveio kommune

Dato: 04.04.2024

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no
poststord@abo-ark.no

Avdeling Os
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 906 61 631

Planinitiativ - Detaljregulering for Tjernagel næringsområde, gnr/bnr 50/26 m.fl.

Det er ønske om å utarbeide detaljregulering for Tjernagel næringsområde. Målsetnaden med arbeidet er å legge til rette for næringsforemål for mellom anna landbasert akvakultur. I samband med oppstartsmøtet for planarbeid er dette notatet utarbeidd i samsvar med forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova. Dokumentet skildrar initiativet i høve til krava sett i § 1. I tillegg er krav sett i *Startpakke for reguleringsplanar* innlemma. Planarbeidet vil bli utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Bifrost og Draupne AS.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Sarah Fagertun Eggereide

Bokstav A) Føremål med planen

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for næringsareal for mellom anna landbasert akvakultur for «nye artar» på gnr. 50/26. Det kan vera aktuelt å etablere akvakultur for fleire artar eller artsgrupper på området. Produksjonen vil ha behov for friskt sjøvatn som skal pumpast opp via ein pumpestasjon, og det vil vera behov for ei avløpsløyving. Det er også ønskjeleg å etablere solcelleanlegg og/eller annan fornybar energi i tilknytning til anlegget, for å vera mest mogleg sjølvforsynt med energi. Det er ønskjeleg å leggja til rette for kaianlegg og hamneområde i tilknytning til næringsområdet.

Søknadar om løyve til produksjon for akvakultur vil gå gjennom sektorloverket, og tilhøve knytt til drift av anlegg, sjøvassinntak, avløp og reinsing etc. vert ivaretatt gjennom denne prosessen.

Den biologiske produksjonen på jorda er omtrent likt delt mellom land og hav, men berre 2 % av kaloriinntaket og 15 % av proteininntaket til menneske kjem frå havet. Havbruksstrategien - «et hav av muligheter», som kom i 2021 peikar på at grøn utvikling og større merksemd kring sirkulær økonomi bidreg til auka interesse for matproduksjon i havet, nye artar og ressursar og teknologi som opnar for betre ressursutnytting. Strategien peikar vidare på at utvikling og kommersialisering av nye artar i oppdrett er krevjande, at ein gjerne opplever både regulatoriske, biologiske og marknadsmessige utfordringar i tidleg fase.

Det står vidare i havbruksstrategien at for å kunne lukkast med utvikling av nye artar er det viktig med kunnskap om dei ulike ledda i produksjonskjeda, mattryggleik, marknadspotensial, miljø, sjukdomar, fôr, teknologi med meir. Difor er det viktig at næring, forvaltning, verkemiddelapparatet, forskning og andre jobbar målretta saman.

Innan akvakultur vert det i Noreg i dag nesten berre drive med oppdrett av laks og regnbogeaure, mens mellom anna havforskarane meiner at det finst store moglegheiter med nye artar. Rapporten «Fremtidsrettet matproduksjon i kyst og fjord» peikar på at våre vanlegaste oppdrettsartar, laks og regnbogeaure, er høgt oppe i næringskjeda. På globalt nivå er derimot havbruk dominert av organismar som er lågare i næringskjeda, til dømes makroalgar, skjell og plantespisande fisk. Forskarane bak rapporten meiner at også Noreg har gode naturgitte føresetnader for å få til ein effektiv og berekraftig produksjon av artar nedst i næringskjeda. Grunnen til dette er mellom anna at Norge har store mengder reint sjøvatn, areal i skjerma kystområde, og høg teknologisk kompetanse.


Ei satsing på nye artar innan akvakultur har betre grunnlag for å lukkast dersom ein legg til rette for eit tett samarbeid med forskning og utviklingsaktørar. Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for produksjon av «nye» oppdrettsartar i planområdet. På bakgrunn av dette er det ønskjeleg å planleggje for mellom anna fasilitetar for FoU-aktivitetar, inkludert overnatting. Det er ikkje planlagt for arbeidsplassintensive verksemdar, som til dømes reine kontorarbeidsplassar innanfor området.

Planområdet og næringsføremålet i kommuneplanen grensar til sjø. Det er generelt eit stort behov for sjøtilknytte næringsareal, både i kommunen og i regionen, og det er naturleg å leggje til rette for kai- og hamneareal i området.

Bokstav B) Planområdet

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i behov for næringsareal og hamneområde, areal for infrastruktur og parkering. Planområdet skal inkludera tilkomst fram til offentlig veg, og tilkomstvegen til området frå fylkesveg 4984 er difor inkludert i planområdet. Tilkomstvegen, Sendarvegen, er privat veg. Denne er om lag 1,2 kilometer fram til fylkesvegen. Det er i tillegg inkludert litt areal mellom den aktuelle eigedomen og eksisterande tilkomstveg. Dette er gjort for å gi opning for flytting av tilkomstvegen dersom det er aktuelt. Denne går i dag gjennom eit etablert næringsområde, og det kan vera hensiktsmessig å leggje vegen vest for denne, utan at dette er vurdert i detalj i noverande fase av prosjektet. Konsekvensutgreiinga av området frå kommuneplanarbeidet i 2010 peikar på at vegnettet i området er godt utbygd, men at tilkomstvegane må vurderast oppgraderte ved større utbygging.

Planområdet har tidlegare vore nytta til kortbølgjesendar. Sendaren, på 500 kilowatt, vart oppført i 1986 som eit supplement til Kvitsøy-sendaren i Rogaland, for å senda NRK sine utanriksprogram heile døgeret. Sendaren vart nedlagt i 2003, og mastene vart fjerna i 2012. Anlegget utgjorde fem master, på mellom 65 og 95 meter høgd, og var plassert på det planerte området innanfor planområdet, sjå historisk flyfoto under. Ved førre kommuneplanrullering vart føremålet på arealet endra frå offentlig areal til næringsføremål. Konsekvensutgreiinga som vart gjennomført i samband med førre kommuneplanrullering i 2010 peikar på at strandsona i området er fullstendig privatisert med inngjerding og forbodssone. Inngjerding og forbodssone vart truleg innført i samband med kortbølgjesendaren, og er truleg oppheva no.




Figur 1 Historisk flyfoto frå planområdet, frå 2004. Kjelde: www.1881.no

Forslag til planområde omfattar landareal i hovudsak innanfor gnr./bnr. 50/26 i Sveio kommune. Den aktuelle eigedomen utgjer om lag 115 daa. Tiltakshavar eig den aktuelle eigedomen.

Planområdet omfattar sjøarealet utanfor eigedomen. Det er ønskeleg å etablera kaianlegg og hamneområde i sjø. Arealet i sjø er relativt stort, men det er ønskeleg å ha god fleksibilitet til å finna eigna lokalisering i området. Forslag til planområde er om lag 416 daa.

Plangrensa må setjast meir nøyaktig etter grunnkart og kommuneplanen sine avgrensingar når digitale kart er bestilt, og etter dialog i oppstartsmøtet.



Figur 2 Forslag til plangrense er vist med svart stipla linje.

Bokstav C) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

Planframlegget vil legge til rette for næringsverksemd, mellom anna landbasert oppdrett. Det er p.t. ikkje kjent kva omfang og teknologi som skal nyttast for næringsverksemda på området. Det er såleis ønskeleg å ha ein mest mogleg fleksibel plan. I tillegg til produksjonsanlegg og tiltak som er tilknytt dette er det ønskeleg å leggja til rette for hyblar/overnatting i området. Bakgrunnen for dette er at det truleg vil verta ein del FoU-aktivitet i området, og ein ønskjer å tilby overnatting for forskarar som i korte periodar vil vera tilknytt området.

Det er i tillegg ønskeleg å ha høve til etablering av annan type næring innanfor området, då arealet er relativt stort, og det kan vera aktuelt med annan næringsetablering, som ikkje er i konflikt med landbasert oppdrett. Det er ønskeleg å leggja til rette for utnytting av fornybare energikjelder, for å kunna vera mest mogleg sjølvforsynt med energi på området.


Planområdet ligg ved sjøen, og det er ønskeleg å leggje til rette for kaiareal og hamneområde i sjø tilknytt næringsområdet. Det er per i dag ikkje utarbeidd skisser eller illustrasjonar over planlagde tiltak på området.

Bokstav D) Utbyggingsvolum og byggehøgder

Det føreligg ikkje enno konkrete planar for området. Området er avsett til næring i kommuneplanen, og det er ønskeleg å utnytte området best mogleg på sikt. På bakgrunn av dette er det ønskeleg å ha ein fleksibel plan og å leggje til rette for relativt høg utnyttingsgrad. Byggehøgder, utbyggingsvolum, planeringshøgder og arealutnytting er på dette stadiet av prosjektet ikkje konkretisert og vidare planarbeid skal definere og avgrense arealføremål.

Bokstav E) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Store deler av planområdet ligg innanfor område som er avsett til næring i gjeldande kommuneplan. Næringsområdet i kommuneplanen er større enn det som inngår i planområdet, og det ligg eit område avsett til hamn nordaust for (og dels innanfor) det aktuelle planområdet, sjå utsnitt under.




Figur 3 Føreslått plangrense og gjeldande kommuneplan 2011 - 2023 viser planlagt arealbruk i området.

Det er i dag noko næringsverksemd i området, men ikkje større anlegg/tiltak/verksemd. Deler av planområdet er planert. Dette området vart i fleire år nytta til kortbølgjesendar, og det var fem master plassert på området. Det er vegtilkomst heilt inn i området. Det er spreidd busetnad langs Tjernagelvegen, men ikkje tett på planområdet.


Bokstav F) Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap

Planområdet ligg på eit nes på Tjernagel, og det er sjø både i vest og i nord. Deler av området er planert, og det er vegtilkomst inn i området. Det er ikkje store høgdeforskjellar innanfor området. Den planerte delen ligg på om lag 14 m.o.h, og dei høgste punkta i bakkant av dette ligg på opp mot 24 m.o.h.

Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, sjå figur under. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad. Det er ønskjeleg å leggje til rette for kaiareal og hamneområde i sjø i området, og det vil planleggast for tiltak innanfor 100-metersbeltet i området, då store deler av planområdet ligg innanfor denne sona.



Figur 4 Planområdet med 100-metersbeltet skissert.



Figur 5 3D-kart over planområdet. Kjelde; kommunekart

Bokstav G) Forholdet til kommuneplan etc.

I gjeldande kommuneplan 2011 - 2023 er planområdet sett av til næringsføremål, hamn, LNF-spreidd, LNF og friluftsområde i sjø, sjå figur 3. Området som skal regulerast til næringsverksemd/kai er i hovudsak næringsføremål (N6), friluftsområde i sjø, og ein mindre del hamn/farlei (H2) i dagens kommuneplan for Sveio (KPA). Kommuneplanen sett krav til detaljert reguleringsplan for næringsføremålet og hamneføremålet på Tjernagel, og det er spesifisert at reguleringsplanen skal vise omsynssone for kulturminne (KPA § 3.8.3 og 4.2.5). Vidare er det sett krav knytt til hamneføremål i sjø at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing før oppstart av planarbeidet for å vurdere konsekvensar og ev. konflikhtar (KPA § 4.2.4).

Store deler av området er omfatta av omsynssone for bevaring kulturmiljø, med omsynssone H570_30. Konsekvensutgreiinga som vart gjort i samband med førre kommuneplanrullering i 2010 peikar på at dei registrerte kulturminna i området vart påviste ved utbygginga av kortbølgjesendaranlegget, og at fleire av desse er fjerna eller sterkt skadde. Området er omtala fleire stader i kulturminneplanen til Sveio kommune, sjå utsnitt under:

I Sveio er det rundt 180 lokalitetar der det er funne arkeologiske kulturminne. Dette er i hovudsak spor etter busetnad, men lista omfattar òg gravrøyser og gravfelt, bautasteinar, skipsfunn, kokegroper, dyrkingsspor og kyrkjestader. Ikkje alt er synleg eller lett attkjenneleg om ein ikkje veit kva ein skal leita etter. Noko er òg fjerna, og mange har uavklart vernestatus. Dei eldste funna er gjort på Tjernagel, og kan vera 9000 år gamle.

Gravrøysene langs kysten er kanskje det som er lettast å finna og kjenna att. Dei er oftast plasserte på godt synlege stader langs skipsleia, gjerne på ein haug heilt ut mot havet. Den mest kjende, Tjernagelshaugen, blei riven då Televerket sette opp kortbølgjesendaren på 1980-talet. Tjernagel er òg det området i Sveio der ein finn mest arkeologiske kulturminne.

Fornminna på Tjernagel


På Tjernagel ligg funnstadane tett over eit stort område. I området Hidesvika – Tjernagelhaugen – Snørhaug er det registrert over 40 fornminnelokalitetar. Deler av området er i dag planert og lagt ut som næringsområde, men det er òg mykje kulturlandskap og synlege fornminne att. I samband med utbygginga er det gjort systematiske undersøkingar her, og dette er hovudårsaka til det store talet på funn i dette området.


Planområdet er ikkje regulert tidlegare. Det er ikkje kjent at det er nye planar eller andre pågåande prosjekt som grensar til planområdet.


Bokstav H) Vesentlege interesser

Vurderingar av verknader av planforslaget vil verta sett opp mot referansesituasjonen; dagens planstatus og at det ikkje er tiltak i form av bygg innanfor planområdet, men området er allereie planert, og har vegtilkomst. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for området i gjeldande kommuneplan (2011 – 2023), og registrering av naturtype innanfor området er gjort etter at denne vart gjennomført.

Vurdering av moglege verknadar av planarbeidet:

Tema	Moglege verknader
Naturmangfald	<p>Det er registrert naturmangfald i det aktuelle området, i form av den utvalde naturtypen kystlynghei (markert med raud farge i figuren under). Lokaliteten heiter Tjernagelhaugen, er registrert 26.10.2022, og omfattar eit areal på 28 daa. Tilstanden er vurdert til å vera moderat, og kvaliteten er vurdert til å vera moderat. Lokaliteten er likevel vurdert til å ha svært stor verdi, på grunn av at kystlynghei har status som utvald naturtype.</p> <p>I den austlege delen av planområdet er det registrert ei djup myr på 28,6 daa (markert med blå farge i figuren under). Det er ikkje andre kjende registreringar innanfor eller tett på området.</p>  <p>Planområdet er ikkje detaljplanlagd, men dei planlagde tiltaka kan potensielt medføre negativ verknad og ev. arealbeslag på registrert naturtype og myrområdet.</p>
Landskap	<p>Den nordlege delen av planområdet ligg innanfor landskapsområde Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, og har verdi 3 (Landskap av regional betydning og/eller betydning over gjennomsnittet i lokal sammenheng). Den sørlege delen av planområdet ligg innanfor det same området, men er registrert med verdi 2 (vanleg førekommande landskap).</p> <p>Store deler av planområdet ligg innanfor 100-meterbeltet til sjø. Vurderingar knytt til strandsone vil såleis vera relevante i planarbeidet.</p>

	<p>Tema landskap omhandlar estetiske verdiar i landskapet, den visuelle opplevinga av omgjevnadane, og endringar som følgje av tiltaket. Nye tiltak vil i hovudsak verta plassert knytt til etablert planert og opparbeidd areal, men også til kaianlegg. Høgde og volum for nye tiltak er pt. ikkje sett. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i planframlegget. Verknader for naboar og nær- og fjernområde skal vurderast i planframlegget.</p>
<p>Nærmiljø, folkehelse, friluftsliv</p>	<p>Det er ikkje registrert interesser knytt til friluftsliv, nærmiljø, barn og unge i det aktuelle området. Planframlegget vil leggje til rette for næringsareal som vil avgrense allmenn bruk av området. Det er relativt lang avstand til nærmaste bustad/våningshus, om lag 400 meter i luftlinje. Strandsona er generelt eit viktig område, mellom anna for friluftsliv, og verknad på friluftsliv knytt til både land/strandsona, sjø og vassdrag skal vurderast i planen. Verknader for naboar og nærområde på land skal også vurderast i planen.</p>
<p>Kulturminne Kulturmiljø</p>	<p>Det er registrert fleire kulturminne innanfor planområdet, og området er omfatta av omsynssone for bevaring av kulturmiljø (sjå skildring under punkt G). Tjernagelshaugen er omtala i Store norske leksikon på følgjande måte:</p> <p><i>Tjernagelshaugen var en monumental gravrøys fra eldre bronsealder ved Bømlafjorden i Sveio, der storfjorden åpner seg når man seiler langs kysten nordover fra Karmsund. Gravminnet var 23 meter i tverrmål og opptil 2,5 meter høyt, og dermed en av de største gravrøysene på vestlandskysten.</i></p> <p><i>Tjernagelshaugen var et landemerke som er nevnt i et samtidig skaldekvad i forbindelse med Knut den mektiges ferd fra Danmark til Nidaros i 1028. «Og fram for den gamle haugen i Tjernagel siglde huskarane kvast med fred,» kvad den islandske skalden Torarin Lovtunge.</i></p> <p><i>I 1983 ble Tjernagelshaugen arkeologisk undersøkt og fjernet, ettersom Teledirektoratet ville bygge en kortbølgesender på stedet. Det ble påvist tre graver i steinkister, den eldste fra tiden rundt 1000 før vår tidsregning, og de to andre en del yngre.</i></p> 

	<p>Kulturminna innanfor planområdet er fjerna med unntak av to lokalitetar lengst aust i planområdet. Ein av desse er ein funnstad med uavklart vernetype, mens den andre lokaliteten er eit automatisk freda kulturminne (buplass frå steinalderen). Som utgangspunkt vil desse to lokalitetane ikkje fjernast.</p> <p>Tiltakshavar har eit ønskje om å byggje opp att /restaurere Tjernagelshaugen. Verknaden av planarbeidet på kulturminna i området skal utgreiast med omsyn til arealbeslag og visuell verknad.</p>
<p>Naturressursar</p>	<p>Det er ikkje registrert dyrka mark i det aktuelle området. Deler av arealet i nordaust er registrert som blandingsskog og barskog av middels bonitet. Deler av planområdet er også registrert som myr.</p> <p>Planområdet er ikkje i konflikt med dyrka mark, men kan vera i konflikt med noko skog og myrområde. Verknadar av planarbeidet på desse registreringane skal skildrast i planframlegget.</p> <p>Planområdet overlappar dels med registrert fiskeområde for passive reiskap, sjå kartutsnitt under.</p> 
<p>Næringsliv og sysselsetting</p>	<p>Det skal planleggast for næringsområde for m.a. landbasert oppdrett i planområdet. Dette vil generere faste arbeidsplassar og ringverknadar knytt til forskning, bygging, service etc. Verknader for næringsliv og sysselsetting skal synleggjerast i planframlegget.</p>

Bokstav I) Samfunnstryggleik, ROS

Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet, inkl. vurderingar kring beredskap og ulukkesrisiko. Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for skred eller flaum, men arealet ligg under marin grense. Områdestabilitet må såleis vera eit tema i ROS-analysen. Stormflo og auka havnivå kan også vera relevante tema, i og med at planområdet ligg til sjø. Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor området.

Tilkomstvegen fram til området er relativt smal, og trafikktryggleik må også vera eit tema i ROS-analysen. Me har ikkje kunnskap om trafikkmengd i området, men det er ikkje truleg at landbasert oppdrett vil medføre vesentleg trafikkauke på tilkomstvegen. Det vil vera naturleg å utarbeide ein trafikkanalyse som omfattar m.a. dimensjonering av veg og kryssløysingar, samt ev. avbøtande tiltak for trafikktryggleik.

Det er p.t. ikkje kjent om det vil vera naudsynt med nye kartleggingar/undersøkingar i samband med ROS-analysen.

Bokstav J) Kva offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved oppstart

Dei vanlege instansane som skal varslast i samband med oppstart:

- Statsforvaltar, Fylkeskommune, NVE, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget Vest, Mattilsynet, Friluftsrådet Vest mfl.
- Grunneigarar på tilgrensande eigedommar
- Bygdelag og velforeiningar, etc. – ønskjer innspel frå kommunen om aktuelle lokale lag eller organisasjonar

Bokstav K) Prosessar for samarbeid og medverknad

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova. Ein vil som minstekrav halde seg til pbl. sine krav til medverknad, kunngjeringar og høyringar. Det kan også vera aktuelt med folkemøte og møte med regionale mynde.

Bokstav L) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl. gir at ein i planinitiativet skal vurdere om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli i varetatt. Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak, og når det vert tatt stilling til om, og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast. Forskrift om konsekvensutgreiing § 4 gir at forslagsstillaren skal vurdere om planen vert omfatta av § 6, § 7 eller § 8.

§6b) gir at reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan, og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.

Vedlegg I omfattar følgjande plan/tiltak som kan vera aktuelt for denne planen;

- Punkt 8b) i vedlegg 1: *Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe.*

Deler av sjøområda i nord er vist som hamneområde, og er tidlegare konsekvensutgreidd. Det resterande sjøarealet er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd som hamneområde i sjø. Dei tiltaka som er planlagde i området per i dag vil ikkje ha behov for anløp av skip av slike storleikar, og det er såleis ikkje kjent at det vil vera behov for hamn og havneanlegg for skip på over 1350 tonn.

- Punkt 24 i vedlegg 1: *Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmenn-nyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m².*

Den aktuelle eigedomen er om lag 115 daa. Utan at det er starta planlegging av området vil vera grunn til å tru at det vert regulert areal som opnar for samla meir enn 15 daa nye næringsbygg.

Næringsområdet er konsekvensutgreidd i samband med førre kommuneplanrullering, for kommuneplanen 2011 - 2023. Området var før dette vist som offentlig areal, og vart føreslått omdisponert til næringsføremål. Konsekvensutgreiinga vart gjennomført i 2010, og er vurdert til å vera dekkande for området med omsyn til næringsføremålet.

§7 omhandlar planar som skal behandlast etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringslova, eller planar som skal behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Dette er ikkje aktuelt for denne planen.

§8 omfattar planar og tiltak lista opp i vedlegg II, som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Slike planar skal ikkje ha planprogram eller melding. Vedlegg II omfattar følgjande planar/tiltak som er aktuelt for denne planen: 1f) akvakultur

Kriteriene for vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er gitt i **§10**, og er gjengitt i tabellen under.

Kriterium § 10	Førebels vurdering
<i>Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:</i>	
<i>a) størrelse, planområde og utforming</i>	Den aktuelle eigedomen for næringsverksemd er om lag 115 dekar. Planområdet ligg på eit nes, og ligg såleis eksponert til, og har urørt strandsone på vest- og nordsida. Deler av området er planert, og har vore brukt til kortbølgjesendar, med fem master med høgd frå 65 til 95 meter. Mastene vart fjerna i 2012.
<i>b) bruken av naturressurser, særleg arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i>	Området er ikkje viktig med omsyn på kjende naturressursar, og det er ikkje registrert dyrka mark innanfor arealet. Det er registrert noko skog av middels bonitet, og deler av planområdet er registrert som ei djup myr. Planområdet i sjø overlappar dels med registrert fiskeplass for passive reiskap.
<i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>	Landbasert oppdrett vil generelt ha behov for sjøvassinntak og avløp som går ut i sjø. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom sektorlovverk i samband med konsesjonssøknad, og som ikkje vert utgreidd gjennom plan- og bygningslova.
<i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Det er ikkje vurdert som sannsynleg at aktivitet innanfor planområdet skal medføre risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar.
<i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>	

<p>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</p>	<p>Det er ingen verneområde innanfor eller i nærleiken av planområdet.</p> <p>Det er registrert ein utvald naturtype innanfor planområdet. Dette er ein kystlynghei-lokalitet, som er registrert med middels kvalitet og middels tilstand, og med svært høg verdi. Deler av planområdet overlappar med myrområde.</p> <p>Planframlegget kan koma i konflikt med den registrerte naturtype-lokaliteten og med registrert myr.</p>
<p>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</p>	<p>Det er mange kulturminnelokalitetar innanfor planområdet. Desse vart funne i samband med etablering av kortbølgjesendaren i området, og dei aller fleste av desse er fjerna, inkludert Tjernagelshaugen, som er omtalt tidlegare i dokumentet. Tiltakshavar har planar om å restaurere Tjernagelshaugen. Området er omfatta av omsynssone for bevaring av kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Planframlegget kan koma i konflikt med registrerte kulturminne i området.</p>
<p>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</p>	<p>Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg. Planframlegget kan koma i konflikt med strandsoneverdiar i området.</p> <p>Det er ikkje planlagd for arbeidsplassintensive verksemdar, som til dømes reine kontorarbeidsplassar innanfor området. Planframlegget vil såleis ikkje vera i konflikt med føringar for samordna areal- og transportplanlegging.</p>
<p>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</p>	<p>Omdisponering av LNF-føremål eller landbruksjord er ikkje aktuelt.</p>
<p>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</p>	<p>Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre auka belastning i område der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskridne. Resipienten utanfor planområdet, Bømlafjorden, er registrert med god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i vann-nett.</p>
<p>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</p>	<p>Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vass- eller luftforureining som vil medføre helsekonsekvensar for dei som bur i</p>

	nærleiken. Avstand til nærmaste bustad/våningshus er om lag 400 meter i luftlinje.
<i>g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp</i>	Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vesentleg forureining eller klimagassutslipp.
<i>h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom</i>	Det er ikkje vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarer som ras, skred eller flom.

Forslagsstillar sin førebelse konklusjon

Ut frå dette er det vurdert at planen fell inn under §8 i konsekvensforskrifta, og at planframlegget såleis skal konsekvensutgreiast for enkelte deltema, men skal ikkje ha planprogram.

Ut frå kjent kunnskap om området og planlagde tiltak er det vurdert at følgjande KU-tema vil vera relevante i planarbeidet:

- Naturmangfald
- Kulturminne/kulturmiljø
- Strandsone, dvs. friluftsliv og landskap i tillegg til dei to temaa nemnd over.
- Ferdsl på sjø

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, baserast på Miljødirektoratet sin rettleiar M – 1941.

For andre deltema vil vurderingar av verknad for tiltaka planen opnar for verta gjennomført og skildra i planomtalen, men då ikkje ved hjelp av metodikk utarbeidd for konsekvensutgreiingar.